

Møteprotokoll

Formannskapet

Møtedato: 03.06.2026**Møtetid:**

12:00 - 15:00

Møtestad: Ordførar sitt kontor**Saksnr.:**

040/26 – 064/26

Følgjande medleamar møtte	Parti
Aud Marit Berge Feidje	AP
Eivind Sverre Lidal	SP
Marta Sofie Vange	H
Roy Egil Stadheim	AP
Rune Lunde	AP

Ugilde	Parti	Sak	Følgjande varamedl. Møtte	Parti
Eivind Sverre Lidal	SP	051/26	Ingen vara	
Eivind Sverre Lidal	SP	052/26	Ingen vara	
Rune Lunde	AP	051/26	Jens Andreas Melheim	AP
Rune Lunde	AP	052/26	Jens Andreas Melheim	AP

Møteleiar:	Ordførar Roy Egil Stadheim
Frå adm. møtte:	Kommunedirektør Siri Fahlvik Pettersen
Dokument utlevert i møte:	
Synfaring:	
Merknader:	



Sakliste

Sak nr.	Saktittel
040/26	Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka
041/26	Referatsaker
042/26	Delegasjonsaker
043/26	Orienteringssaker til formannskapet 03.06.26
044/26	Høyring og offentlig ettersyn samfunnsdel til kommuneplanen for Vik kommune 2026-2037
045/26	Årsrapport og årsrekneskap 2025
046/26	Finansrapport 3. tertial 2025
047/26	Budsjett 2026 - revisjon etter 1. tertial
048/26	Finansrapport 1. tertial 2026
049/26	Budsjett 2027 og økonomiplan 2027 - 2030 - nøkkeltal og rammer
050/26	Lading av el-bil i Vik sentrum – ikkje offentlig
051/26	Kommunalt næringsstøtte 2026 - tildeling første søknadsomgang
052/26	Søknad om næringsstøtte Fresvik Produkt AS
053/26	Årsmelding kraftfondet 2025
054/26	Vertskommunesamarbeid om miljø og ureining og tilsyn med private avløp
055/26	Vertskommunesamarbeid NAV
056/26	Utviklingsnettverk for berekraftig omstilling - godkjenning prosjektplan
057/26	Revisjon avfallsplan Vik cruisehamn
058/26	Høyring - forslag til forskrift om cruiseavgift
059/26	Reglement for politisk organisering i Vik kommune
060/26	Fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2025
061/26	Lokal forskrift om opning av jakt, minsteareal og fellingsavgifter - hjort i Vik kommune.
062/26	Revidering av delegerings- og innstillingsreglement 2024-2027 - innarbeiding av manglande lovheimlar
063/26	Open post i formannskapet
064/26	Høyring - forslag til endringar i konsesjonslova, ma knytt til buplikt



040/26: Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka (i tillegg til ordføraren):

03.06.2026 Formannskapet

Ordførar gjorde framlegg om følgjande endringar i saksrekkjefølga:
Sak 051/26 og 052/26 blir flytta opp til rett etter sak 040/60.
Formannskapet vedtok endringane samrøystes.

FS - 040/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka (i tillegg til ordføraren):
Marta Sofie Vange (H) og Aud Marit Berge Feidje (AP).

Samrøystes.

041/26: Referatsaker

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

03.06.2026 Formannskapet**FS - 041/26 Vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Samrøystes.

042/26: Delegasjonsaker

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

03.06.2026 Formannskapet**FS - 042/26 Vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.



Samrøystes.

043/26: Orienteringssaker til formannskapet 03.06.26

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet tek orienteringane til vitande.

03.06.2026 Formannskapet

Orienteringssaker frå ordførar:

- Ny kommunedirektør Gunhild Berge Stang - orientering om oppstart, løn og arbeidsvilkår - møtet vart samrøystes lukka med heimel i kommunelova §11-5, 3.ledd bokstav b.
- Sogn Utvikling orientering etter eigarmøte - Det var eit godt møte mellom eigarkommunane Vik, Sogndal og Luster saman med Sognekraft. Gjennom Sogn Utvikling arbeider Sognekraft med å utvikle næringsareal på Vangsnes og i Gaupne, og det er gjort mykje godt arbeid i begge prosjekta. Både Vangsnes og Gaupne er no skilde ut som eigne selskap. Gaupne ligg noko lenger framme i prosessen enn Vangsnes, mellom anna fordi dei allereie har tilgang til nødvendig kraft. På Vangsnes vil krafttilgangen kome på plass når dei planlagde linjene er bygde ut.
- Høyring politi Vest - framtidig organsiering vidare prosess høyringsfrist 1. oktober 2026 - Ordføraren foreslår at Aurland, Voss og Vik utarbeider ein felles høyringsuttale i saka. I det vidare arbeidet med organiseringa av politidistrikta er Vik foreslått plassert sørover. Politisjefen vitjar Årdal, Aurland og Lærdal 3. juni 2026 for å orientere om prosjektet og drøfte dei vidare prosessane.
- Felles høyringsuttale IPR vern av Sognefjorden - Statsforvaltar kjem til kommunestyret 24.09.26.
- Nabokontakmøte med Aurland og Voss 11.05.26 - Ordførar og kommunedirektøren deltok i møte saman med ordførar og kommunedirektør frå Aurland og Voss. Politisjefen orienterte om arbeidet med å etablere eit vaktdistrikt som omfattar Voss og kommunane på sørsida av Sognefjorden. I møtet vart det også drøfta tema knytte til samferdsel, samfunnstryggleik og beredskap, samt reiseliv. Det er planlagt eit nytt møte i Vik i september/oktober 2026.
- Kraftutvalet 26.05.26 - sal av straum til næringslivet i Vik - Dersom kommunestyret ønskjer det, kan det setjast av midlar og innarbeidast eit eige punkt i næringsfondet som gjev bedrifter høve til å søkje om straumstøtte kvart år. Sak til kommunestyret 18.06.26.

Orientering frå kommunedirektøren:

- Informasjon om tilsvaer prosesskriv i høve at kommunen er anmeldt



- Tariff- mogeleg streik i kommunesektoren
- Forsikringssak brann i kommunal bil
- Initiativet til Aurland om felles utgreiing skifte av helseforetak status
- Vik kommune ein av 104 kommunar som er plukka ut til tilsyn

Presentasjon er lagt ved sak.

FS - 043/26 Vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til vitande.

Samrøystes.

044/26: Høyring og offentlig ettersyn samfunnsdel til kommuneplanen for Vik kommune 2026-2037

Kommunedirektøren si tilråding

Revidert framlegg til ny samfunnsdel til kommuneplan for Vik kommune 2026-2037 blir lagt ut på høyring og offentlig ettersyn i samsvar med pbl § 11-14.

03.06.2026 Formannskapet

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Framlegg om tillegg/nytt delmål i samfunnsdelen - Aud Marit Berge Feidje (AP)**

Nytt delmål under satsingsområdet «Arbeidsplassar og næringsliv»:

Det vert arbeidd aktivt med næringsutvikling og arbeidsplass-etableringar i alle næringsområder, for å sikre stabilisering eller auke av kommunen sitt folketal.

Strategi:

Næringslivet sin kompetanse vert nytta i arbeidet med næringsutvikling.

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 044/26 Vedtak:

Nytt delmål under satsingsområdet «Arbeidsplassar og næringsliv»:



Det vert arbeidd aktivt med næringsutvikling og arbeidsplass-etableringar i alle næringsområder, for å sikre stabilisering eller auke av kommunen sitt folketal.

Strategi:

Næringslivet sin kompetanse vert nytta i arbeidet med næringsutvikling.

Revidert framlegg til ny samfunnsdel til kommuneplan for Vik kommune 2026-2037 blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i samsvar med pbl § 11-14.

Samrøystes.

045/26: Årsrapport og årsrekneskap 2025

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren har avslutta driftsrekneskapen for 2025 med netto driftsresultat på 21,230 millionar kroner. Dette er 10,4 millionar kroner betre enn i revidert budsjett.

Kommunedirektøren har difor nytta reglane i § 4-3 i "Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap, og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv (FKR) " for å føre rekneskapen i balanse. Kommunedirektøren har difor stroke kr. 5,376 millionar i bruk av disposisjons-fond i høve revidert budsjett.

Kommunestyret godkjenner årsrapport og rekneskap 2025 for Vik kommune slik dokumenta ligg føre.

03.06.2026 Administrasjonsutvalet

Assisterande kommunedirektør Geir Svendsen deltok i møtet.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1, Fagforbundet 1, Utdanningsforbundet 1

Mot: 0 stemmer (0%)

ADMU - 006/26 Vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:



Kommunedirektøren har avslutta driftsrekneskapen for 2025 med netto driftsresultat på 21,230 millioner kroner. Dette er 10,4 millioner kroner bedre enn i revidert budsjett. Kommunedirektøren har difor nytta reglane i § 4-3 i "Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap, og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv (FKR) " for å føre rekneskapen i balanse. Kommunedirektøren har difor stroke kr. 5,376 millioner i bruk av disposisjons-fond i høve revidert budsjett.

Kommunestyret godkjenner årsrapport og rekneskap 2025 for Vik kommune slik dokumenta ligg føre.

Samrøystes.

03.06.2026 Formannskapet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 045/26 Vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren har avslutta driftsrekneskapen for 2025 med netto driftsresultat på 21,230 millioner kroner. Dette er 10,4 millioner kroner bedre enn i revidert budsjett. Kommunedirektøren har difor nytta reglane i § 4-3 i "Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap, og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv (FKR) " for å føre rekneskapen i balanse. Kommunedirektøren har difor stroke kr. 5,376 millioner i bruk av disposisjons-fond i høve revidert budsjett.

Kommunestyret godkjenner årsrapport og rekneskap 2025 for Vik kommune slik dokumenta ligg føre.

Samrøystes.

046/26: Finansrapport 3. tertial 2025

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

Vik kommunestyre tek rapporten om finansforvaltning for 3. tertial 2025 til vitande.

03.06.2026 Formannskapet



Votering nr 1 - Voting over forslagForslag: **Opprinnelig forslag****For:** 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1**Mot:** 0 stemmer (0%)**FS - 046/26 Vedtak:**

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

Vik kommunestyre tek rapporten om finansforvaltning for 3. tertial 2025 til vitande.

Samrøystes.

047/26: Budsjett 2026 - revisjon etter 1. tertial**Kommunedirektøren si tilråding**

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek rapport pr. 1. tertial 2026 til vitande.
2. Kommunestyret vedtek budsjettendringar knytt til drift, pr. 1. tertial 2026, slik det går fram av skjema "Status §5-4 første ledd" og "Status §5-4 andre ledd".
Budsjettendringane framgår av tabell "Samla forslag til budsjettendring" (klikk på budsjettendring for tekst):
 - a. Sentralt (inntekter og utgifter, finans, årsavsetjingsdisposisjonar) får ein samla auke på kr. 4.221.000,-
 - b. Rådmann og politisk styring - uendra ramme.
 - c. Stab og fellesfunksjonar - uendra ramme.
 - d. Oppvekst - uendra ramme
 - e. Helse og velferd - uendra ramme.
 - f. Samfunn - uendra ramme.
 - g. Konesjonskraft - uendra ramme.
 - h. Bruk av disposisjonsfond - kommunestyret stryk budsjettert bruk av disposisjonsfond med kr 3.864.000,-.
 - i. Avsetjing til konsesjonskraft disposisjonsfondet - kommunestyret budsjetterer med å setje av 357.000,-.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele budsjettendringane på dei ulike rammeområda.
4. Kommunestyret vedtek budsjettendringar knytt til investering, pr. 1. tertial 2026 slik det går fram av "Status §5-5 første ledd" og "Status §5-5 andre ledd":
 - a. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp startlån i Husbanken til vidare utlån med inntil kr. 6.000.000,- i 2026 slik som vedteke i kommunestyresak 017/26. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån,



og avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokumenta innafor vedteken låneramme.

03.06.2026 Administrasjonsutvalet

Assisterande kommunedirektør Geir Svendsen deltok i møtet.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1, Fagforbundet 1, Utdanningsforbundet 1

Mot: 0 stemmer (0%)

ADMU - 007/26 Vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek rapport pr. 1. tertial 2026 til vitande.
2. Kommunestyret vedtek budsjettendringar knytt til drift, pr. 1. tertial 2026, slik det går fram av skjema "Status §5-4 første ledd" og "Status §5-4 andre ledd".
Budsjettendringane framgår av tabell "Samla forslag til budsjettendring" (klikk på budsjettendring for tekst):
 - a. Sentralt (inntekter og utgifter, finans, årsavsetjingsdisposisjonar) får ein samla auke på kr. 4.221.000,-
 - b. Rådmann og politisk styring - uendra ramme.
 - c. Stab og fellesfunksjonar - uendra ramme.
 - d. Oppvekst - uendra ramme
 - e. Helse og velferd - uendra ramme.
 - f. Samfunn - uendra ramme.
 - g. Konesjonskraft - uendra ramme.
 - h. Bruk av disposisjonsfond - kommunestyret stryk budsjettert bruk av disposisjonsfond med kr 3.864.000,-.
 - i. Avsetjing til konsesjonskraft disposisjonsfondet - kommunestyret budsjetterer med å setje av 357.000,-.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele budsjettendringane på dei ulike rammeområda.
4. Kommunestyret vedtek budsjettendringar knytt til investering, pr. 1. tertial 2026 slik det går fram av "Status §5-5 første ledd" og "Status §5-5 andre ledd":
 - a. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp startlån i Husbanken til vidare utlån med inntil kr. 6.000.000,- i 2026 slik som vedteke i kommunestyresak 017/26. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån, og avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokumenta innafor vedteken låneramme.

Samrøystes.

03.06.2026 Formannskapet



Votering nr 1 - Voting over forslagForslag: **Opprinnelig forslag****For:** 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1**Mot:** 0 stemmer (0%)**FS - 047/26 Vedtak:**

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek rapport pr. 1. tertial 2026 til vitande.
2. Kommunestyret vedtek budsjettendringar knytt til drift, pr. 1. tertial 2026, slik det går fram av skjema "Status §5-4 første ledd" og "Status §5-4 andre ledd".
Budsjettendringane framgår av tabell "Samla forslag til budsjettendring" (klikk på budsjettendring for tekst):
 - a. Sentralt (inntekter og utgifter, finans, årsavsetjingsdisposisjonar) får ein samla auke på kr. 4.221.000,-
 - b. Rådmann og politisk styring - uendra ramme.
 - c. Stab og fellesfunksjonar - uendra ramme.
 - d. Oppvekst - uendra ramme
 - e. Helse og velferd - uendra ramme.
 - f. Samfunn - uendra ramme.
 - g. Konesjonskraft - uendra ramme.
 - h. Bruk av disposisjonsfond - kommunestyret stryk budsjettert bruk av disposisjonsfond med kr 3.864.000,-.
 - i. Avsetjing til konsesjonskraft disposisjonsfondet - kommunestyret budsjetterer med å sette av 357.000,-.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele budsjettendringane på dei ulike rammeområda.
4. Kommunestyret vedtek budsjettendringar knytt til investering, pr. 1. tertial 2026 slik det går fram av "Status §5-5 første ledd" og "Status §5-5 andre ledd":
 - a. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp startlån i Husbanken til vidare utlån med inntil kr. 6.000.000,- i 2026 slik som vedteke i kommunestyresak 017/26. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån, og avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokumenta innafor vedteken låneramme.

Samrøystes.

048/26: Finansrapport 1. tertial 2026**Kommunedirektøren si tilråding**

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:



Vik kommunestyre tek rapporten om finansforvaltning for 1. tertial 2026 til vitande.

03.06.2026 Formannskapet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 048/26 Vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

Vik kommunestyre tek rapporten om finansforvaltning for 1. tertial 2026 til vitande.

Samrøystes.

049/26: Budsjett 2027 og økonomiplan 2027 - 2030 - nøkkeltal og rammer

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet legg skaka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

For økonomiplanperioden 2027 -2030 vedtek Vik kommunestyret å styre økonomien etter følgjande mål for desse finansielle nøkkeltala:

- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter - **mindre enn 100 %**.
- Det ordinære disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter - **større enn 10 %**
- Konesjonskraft disposisjonsfondet i prosent av brutto driftsinntekter - **større enn 5 %**
- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, korrigert for betalte ekstra avdrag på lån - **større enn 2 %**

For budsjett 2027 og økonomiplan 2027 - 2030 vedtek Vik kommunestyre følgjande rammer for budsjettområda:

Nye budsjetttrammer for 2027	Økonomiplan		Ny ramme 2027
	26-29	Rammeauke	
Rådmann og politisk styring	11 386 000	70 000	11 456 000
Stab og fellesfunksjonar	21 921 000	260 000	22 181 000
Oppvekst	92 864 000	2 690 000	95 554 000
Helse og velferd	114 168 000	2 118 000	116 286 000
Samfunn	37 588 000	300 000	37 888 000
Sum	277 927 000	5 438 000	283 365 000



Kommunedirektøren skal tilrå å justere ned att rammene etter kvart som tenesteproduksjonen tilseier at det er forsvarleg.

03.06.2026 Administrasjonsutvalet

Assisterande kommunedirektør Geir Svendsen deltok i møtet.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1, Fagforbundet 1, Utdanningsforbundet 1

Mot: 0 stemmer (0%)

ADMU - 008/26 Vedtak:

Formannskapet legg skaka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

For økonomiplanperioden 2027 -2030 vedtek Vik kommunestyret å styre økonomien etter følgjande mål for desse finansielle nøkkeltala:

- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter - **mindre enn 100 %**.
- Det ordinære disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter - **større enn 10 %**
- Konesjonskraft disposisjonsfondet i prosent av brutto driftsinntekter - **større enn 5 %**
- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, korrigert for betalte ekstra avdrag på lån - **større enn 2 %**

For budsjett 2027 og økonomiplan 2027 - 2030 vedtek Vik kommunestyre følgjande rammer for budsjettområda:

Nye budsjettrammer for 2027	Økonomiplan		Ny ramme
	26-29	Rammeauke	
Rådmann og politisk styring	11 386 000	70 000	11 456 000
Stab og fellesfunksjonar	21 921 000	260 000	22 181 000
Oppvekst	92 864 000	2 690 000	95 554 000
Helse og velferd	114 168 000	2 118 000	116 286 000
Samfunn	37 588 000	300 000	37 888 000
Sum	277 927 000	5 438 000	283 365 000

Kommunedirektøren skal tilrå å justere ned att rammene etter kvart som tenesteproduksjonen tilseier at det er forsvarleg.

Samrøystes.

03.06.2026 Formannskapet



Votering nr 1 - Voting over forslag

 Forslag: **Opprinnelig forslag**
For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 049/26 Vedtak:

Formannskapet legg skaka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

For økonomiplanperioden 2027 -2030 vedtek Vik kommunestyret å styre økonomien etter følgjande mål for desse finansielle nøkkeltala:

- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter - **mindre enn 100 %**.
- Det ordinære disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter - **større enn 10 %**
- Konsesjonskraft disposisjonsfondet i prosent av brutto driftsinntekter - **større enn 5 %**
- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, korrigert for betalte ekstra avdrag på lån - **større enn 2 %**

For budsjett 2027 og økonomiplan 2027 - 2030 vedtek Vik kommunestyre følgjande rammer for budsjettområda:

Nye budsjettrammer for 2027	Økonomiplan		Ny ramme 2027
	26-29	Rammeauke	
Rådmann og politisk styring	11 386 000	70 000	11 456 000
Stab og fellesfunksjonar	21 921 000	260 000	22 181 000
Oppvekst	92 864 000	2 690 000	95 554 000
Helse og velferd	114 168 000	2 118 000	116 286 000
Samfunn	37 588 000	300 000	37 888 000
Sum	277 927 000	5 438 000	283 365 000

Kommunedirektøren skal tilrå å justere ned att rammene etter kvart som tenesteproduksjonen tilseier at det er forsvarleg.

Samrøystes.

051/26: Kommunalt næringstilskot 2026 - tildeling første søknadsomgang
Kommunedirektøren si tilråding

1. Søknad frå Gamle Trevaren fiske og båtutleige AS om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avsleggen.



2. Søknad frå Villa Fresvik om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen.
3. Søknad frå Myrudl AS om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen.
4. Søknad frå Duvik Camping om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen.
5. Søknad frå Webjørn Husabø om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen.
6. Søknad frå Rigmor Solem om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen.
7. Søknad frå Frank Høyum om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 til gardskjøken vert avslegen.
8. Søknad frå Frank Høyum om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 til lagerbygg vert avslegen.
9. Søknad frå Fortidsminneforeininga Sogn og Fjordane om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen.
10. Søknad frå Vik Røde Kors Hjelpekorps om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen.
11. Søknad frå Dag Einar Bøtun om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 til tilbygg vert avslegen.
12. Vik Taxi AS får innvilga inntil kr. 300 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
13. Linn Bad AS får innvilga inntil kr. 100 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
14. Kristin Anita Tyssebotn får innvilga kr. 20 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
15. Vik Vekst og Trivsel får innvilga inntil kr. 10 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
16. Terje Målsnes får innvilga inntil kr. 40 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
17. Marielle Holen Årevik får innvilga inntil kr. 15 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
18. Sølvi Masie Vangsnes får innvilga inntil kr. 90 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
19. Over Erlend Holstad og Sølvi Masie Vangsnes får innvilga inntil kr. 50 000 frå kommunal næringsfond 2026.
20. Bjarne Engum får innvilga inntil kr. 50 000 frå kommunalt næringsfond 2026.



21. Knut Olav Ekeberg får innvilga inntil kr. 10 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
22. Frank Høyum får innvilga inntil kr. 50 000 til nyplanting og replanting frå kommunalt næringsfond 2026.
23. Preben Lunde får innvilga inntil kr. 50 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
24. Christian Refsdal får innvilga inntil kr. 40 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
25. Leidulf Breili får innvilga inntil kr. 20 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
26. Une Strømme får innvilga inntil kr. 50 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
27. Dag Einar Bøtun får innvilga inntil kr. 9 000 for replanting av bringebær frå kommunalt næringsfond 2026.

Alle tilskot vert gjeve med fylgjande føresetnader:

- Tilskot vert utbetalt etterskotsvis om ikkje anna er omtalt i vedtak.
- Kommunen kan utføra tilsyn med prosjektet.
- Søkjar skal legge fram eit rekneskap, samt ein kortfatta rapport som beskriv gjennomføringa av tiltaket.
- Endeleg prosjektrapport/rekneskap skal vere klar seinast 31.12.2027.

03.06.2026 Formannskapet

Kommunalsjef Espen Skjerven Holen deltok i møtet.

- Rune Lunde (AP) stilte spørsmål om han var ugild i saka sidan han er far til ein part i saka. Formannskapet vedtok samrøystes at Lunde var ugild etter forvaltningslova § 6 1.ledd bokstav b. Jens Melheim (AP) tredde inn som vara.
- Eivind Lidal (Sp) stilte spørsmål om han var ugild i saka, då han er søkjar om næringstilskot og dermed part i saka. Formannskapet vedtok samrøystes at Lidal var ugild etter forvaltningslova § 6 1.ledd bokstav a. Det vart ikkje kalla inn varamedlem for Eivind Lidal, då dei to øvrige varamedlemmene òg var partar i saka.
- Marta Sofie Vange stilte spørsmål om gildskapen til sakshandsamar Espen Skjerven Holen, då han er ny direktør i Fresvik Produkt. Fresvik Produkt AS har søkt om næringstilskot. Vange stilte spørsmål om dette medførte at sak 051/26 og 052/26 burde handsamast av kommunedirektøren. Formannskapet røysta fyrst over forslag om utsetjing av sakene. Deretter kontakta kommunedirektøren KS-advokat Frode Lauvareid for å få ei juridisk vurdering av gildskapen til Espen Skjerven Holen.



Lauvareid informerte formannskapet om at sidan det er formannskapet som har vedtaksmynde i sakene er ikkje Holen ugild i sakene.

1. Søknad frå Gamle Trevaren fiske og båtutleige AS om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen. Samrøystes
2. Søknad frå Villa Fresvik om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen. Samrøystes.
3. Søknad frå Myrudl AS om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen. Samrøystes.
4. Søknad frå Duvik Camping om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen. Samrøystes.
5. Søknad frå Webjørn Husabø om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen. Samrøystes.
6. Søknad frå Rigmor Solem om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen. Samrøystes.
7. Søknad frå Frank Høyum om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 til gardskjøken vert avslegen. Samrøystes.
8. Søknad frå Frank Høyum om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 til lagerbygg vert avslegen. Samrøystes.
9. Søknad frå Fortidsminneforeininga Sogn og Fjordane om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen. Samrøystes.
10. Søknad frå Vik Røde Kors Hjelpekorps om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen. Samrøystes.
11. Søknad frå Dag Einar Bøtun om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 til tilbygg vert avslegen. Samrøystes.
12. Vik Taxi AS får innvilga inntil kr. 300 000 frå kommunalt næringsfond 2026. Samrøystes.
13. Linn Bad AS får innvilga inntil kr. 100 000 frå kommunalt næringsfond 2026. Samrøystes.
14. Kristin Anita Tyssebotn får innvilga kr. 20 000 frå kommunalt næringsfond 2026. Samrøystes.
15. Vik Vekst og Trivsel får innvilga inntil kr. 10 000 frå kommunalt næringsfond 2026. Samrøystes.
16. Terje Målsnes får innvilga inntil kr. 40 000 frå kommunalt næringsfond 2026. Samrøystes.
17. Marielle Holen Årevik får innvilga inntil kr. 15 000 frå kommunalt næringsfond 2026. Samrøystes.
18. Sølvi Masie Vangsnes får innvilga inntil kr. 90 000 frå kommunalt næringsfond 2026. Samrøystes.
19. Over Erlend Holstad og Sølvi Masie Vangsnes får innvilga inntil kr. 50 000 frå kommunalt næringsfond 2026. Samrøystes.
20. Bjarne Engum får innvilga inntil kr. 50 000 frå kommunalt næringsfond 2026. Samrøystes.



21. Knut Olav Ekeberg får innvilga inntil kr. 10 000 frå kommunalt næringsfond 2026. Samrøystes.
22. Frank Høyum får innvilga inntil kr. 50 000 til nyplanting og replanting frå kommunalt næringsfond 2026. Samrøystes.
23. Preben Lunde får innvilga inntil kr. 50 000 frå kommunalt næringsfond 2026. Samrøystes.
24. Christian Refsdal får innvilga inntil kr. 40 000 frå kommunalt næringsfond 2026. Samrøystes.
25. Leidulf Breili får innvilga inntil kr. 20 000 frå kommunalt næringsfond 2026. Samrøystes.
26. Une Strømme får innvilga inntil kr. 50 000 frå kommunalt næringsfond 2026. Samrøystes.
27. Dag Einar Bøtun får innvilga inntil kr. 9 000 for replanting av bringebær frå kommunalt næringsfond 2026. Samrøystes.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: Utsettjing av sak - Marta Sofie Vange (H)

Spørsmål om begge sakene 051/26 og 052/26 burde vore behandla av kommunedirektøren då Holen er ugild på saka om Fresvik produkt.

For: 4 stemmer (100%) - AP 3, H 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 051/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si tilråding

1. Søknad frå Gamle Trevaren fiske og båtutleige AS om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen.
2. Søknad frå Villa Fresvik om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen.
3. Søknad frå Myrudl AS om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen.
4. Søknad frå Duvik Camping om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen.
5. Søknad frå Webjørn Husabø om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen.
6. Søknad frå Rigmor Solem om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen.
7. Søknad frå Frank Høyum om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 til gardskjøken vert avslegen.
8. Søknad frå Frank Høyum om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 til lagerbygg vert avslegen.



9. Søknad frå Fortidsminneforeininga Sogn og Fjordane om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen.
10. Søknad frå Vik Røde Kors Hjelpekorps om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 vert avslegen.
11. Søknad frå Dag Einar Bøtun om tilskot frå kommunalt næringsfond 2026 til tilbygg vert avslegen.
12. Vik Taxi AS får innvilga inntil kr. 300 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
13. Linn Bad AS får innvilga inntil kr. 100 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
14. Kristin Anita Tyssebotn får innvilga kr. 20 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
15. Vik Vekst og Trivsel får innvilga inntil kr. 10 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
16. Terje Målsnes får innvilga inntil kr. 40 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
17. Marielle Holen Årevik får innvilga inntil kr. 15 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
18. Sølvi Masie Vangsnes får innvilga inntil kr. 90 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
19. Over Erlend Holstad og Sølvi Masie Vangsnes får innvilga inntil kr. 50 000 frå kommunal næringsfond 2026.
20. Bjarne Engum får innvilga inntil kr. 50 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
21. Knut Olav Ekeberg får innvilga inntil kr. 10 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
22. Frank Høyum får innvilga inntil kr. 50 000 til nyplanting og replanting frå kommunalt næringsfond 2026.
23. Preben Lunde får innvilga inntil kr. 50 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
24. Christian Refsdal får innvilga inntil kr. 40 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
25. Leidulf Breili får innvilga inntil kr. 20 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
26. Une Strømme får innvilga inntil kr. 50 000 frå kommunalt næringsfond 2026.
27. Dag Einar Bøtun får innvilga inntil kr. 9 000 for replanting av bringebær frå kommunalt næringsfond 2026.



Alle tilskot vert gjeve med fylgjande føresetnader:

- Tilskot vert utbetalt etterskotsvis om ikkje anna er omtalt i vedtak.
- Kommunen kan utføra tilsyn med prosjektet.
- Søkjar skal legge fram eit rekneskap, samt ein kortfatta rapport som beskriv gjennomføringa av tiltaket.
- Endeleg prosjektrapport/rekneskap skal vere klar seinast 31.12.2027.

Samrøystes.

052/26: Søknad om næringstilskot Fresvik Produkt AS

Kommunedirektøren si tilråding:

Fresvik Produkt AS får innvilga inntil kr. 50 000 frå kommunalt næringsfond 2026.

Tilskotet vert gjeve med fylgjande føresetnader:

- Tilskot vert utbetalt etterskotsvis om ikkje anna er omtalt i vedtak.
- Kommunen kan utføra tilsyn med prosjektet.
- Søkjar skal legge fram eit rekneskap, samt ein kortfatta rapport som beskriv gjennomføringa av tiltaket.
- Endeleg prosjektrapport/rekneskap skal vere klart seinast 31.12.2027.

03.06.2026 Formannskapet

- Rune Lunde (AP) stilte spørsmål om han var ugild i saka sidan han er far til ein part i saka. Formannskapet vedtok samrøystes at Lunde var ugild etter forvaltningslova § 6 1.ledd bokstav b. Jens Melheim (AP) tredde inn som vara.
- Eivind Lidal (Sp) stilte spørsmål om han var ugild i saka, då han er søkjar om næringstilskot og dermed part i saka. Formannskapet vedtok samrøystes at Lidal var ugild etter forvaltningslova § 6 1.ledd bokstav a. Det vart ikkje kalla inn varamedlem for Eivind Lidal, då dei to øvrige varamedlemmene òg var partar i saka.
- Marta Sofie Vange stilte spørsmål om gildskapen til sakshandsamar Espen Skjerven Holen, då han er ny direktør i Fresvik Produkt AS. Fresvik Produkt AS har søkt om næringstilskot. Vange stilte spørsmål om dette medførte at sak 051/26 og 052/26 burde handsamast av kommunedirektøren. Formannskapet røysta fyrst over forslag om utsetjing av sakene. Deretter kontakta kommunedirektøren KS-advokat Frode Lauvareid for å få ei juridisk vurdering av gildskapen til Espen Skjerven Holen. Lauvareid informerte formannskapet om at sidan det er formannskapet som har vedtaksmynde i sakene er ikkje Holen ugild i sakene.

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**



For: 4 stemmer (100%) - AP 3, H 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Utsettning av sak - Marta Sofie Vange (H)**

Spørsmål om begge sakene 051/26 og 052/26 burde vore behandla av kommunedirektøren då Holen er ugild på saka om Fresvik produkt.

For: 4 stemmer (100%) - AP 3, H 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 052/26 Vedtak:

Fresvik Produkt AS får innvilga inntil kr. 50 000 frå kommunalt næringsfond 2026.

Tilskotet vert gjeve med fylgjande føresetnader:

- Tilskot vert utbetalt etterskotsvis om ikkje anna er omtalt i vedtak.
- Kommunen kan utføra tilsyn med prosjektet.
- Søkjar skal legge fram eit rekneskap, samt ein kortfatta rapport som beskriv gjennomføringa av tiltaket.
- Endeleg prosjektrapport/rekneskap skal vere klart seinast 31.12.2027.

Samrøystes.

053/26: Årsmelding kraftfondet 2025

Kommunedirektøren si tilråding

Saka vert lagt fram for kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:

Årsmeldinga for Vik kommune sitt kraftfond for 2025 vert godkjent.

03.06.2026 Formannskapet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 053/26 Vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:

Årsmeldinga for Vik kommune sitt kraftfond for 2025 vert godkjent.



Samrøystes.

054/26: Vertskommunesamarbeid om miljø og ureining og tilsyn med private avløp

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Vik kommune vedtek vedlagte framlegg til samarbeidsavtale om miljø, ureining og tilsyn av private avløp, jf kommunelova § 20-4 andre ledd.
2. Kommunestyret i Vik delegerar til Sogndal kommune å treffe vedtak i saker som gjeld miljø, ureining og tilsyn av private avløp, jf kommunelova §§ 20-1 og 20-2. Delegeringa omfattar ansvaret som er nærare spesifisert i punkt 3 i samarbeidsavtalen.

03.06.2026 Administrasjonsutvalet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1, Fagforbundet 1, Utdanningsforbundet 1

Mot: 0 stemmer (0%)

ADMU - 004/26 Vedtak:

1. Vik kommune vedtek vedlagte framlegg til samarbeidsavtale om miljø, ureining og tilsyn av private avløp, jf kommunelova § 20-4 andre ledd.
2. Kommunestyret i Vik delegerar til Sogndal kommune å treffe vedtak i saker som gjeld miljø, ureining og tilsyn av private avløp, jf kommunelova §§ 20-1 og 20-2. Delegeringa omfattar ansvaret som er nærare spesifisert i punkt 3 i samarbeidsavtalen.

Samrøystes.

03.06.2026 Formannskapet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 054/26 Vedtak:

1. Vik kommune vedtek vedlagte framlegg til samarbeidsavtale om miljø, ureining og tilsyn av private avløp, jf kommunelova § 20-4 andre ledd.
2. Kommunestyret i Vik delegerar til Sogndal kommune å treffe vedtak i saker som gjeld miljø, ureining og tilsyn av private avløp, jf kommunelova §§ 20-1 og 20-2.



Delegeringa omfattar ansvaret som er nærare spesifisert i punkt 3 i samarbeidsavtalen.

Samrøystes.

055/26: Vertskommunesamarbeid NAV

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret tek informasjonen knytt til punkt 5 til vitande
2. Kommunestyret tek til orientering at samarbeidsavtalen skal vedtakast i alle samarbeidskommunane før endeleg vedtak.

03.06.2026 Administrasjonsutvalet

Voting nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1, Fagforbundet 1, Utdanningsforbundet 1

Mot: 0 stemmer (0%)

ADMU - 003/26 Vedtak:

1. Kommunestyret tek informasjonen knytt til punkt 5 til vitande
2. Kommunestyret tek til orientering at samarbeidsavtalen skal vedtakast i alle samarbeidskommunane før endeleg vedtak.

Samrøystes.

03.06.2026 Formannskapet

Voting nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 055/26 Vedtak:

1. Kommunestyret tek informasjonen knytt til punkt 5 til vitande
2. Kommunestyret tek til orientering at samarbeidsavtalen skal vedtakast i alle samarbeidskommunane før endeleg vedtak.

Samrøystes.



056/26: Utviklingsnettverk for berekraftig omstilling - godkjenning prosjektplan

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret tek prosjektplanen til vitande
2. Tertialrapportane skal nyttast til å orientera kommunestyret om framdrift i prosjektet

03.06.2026 Administrasjonsutvalet

Voting nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1, Fagforbundet 1, Utdanningsforbundet 1

Mot: 0 stemmer (0%)

ADMU - 005/26 Vedtak:

1. Kommunestyret tek prosjektplanen til vitande
2. Tertialrapportane skal nyttast til å orientera kommunestyret om framdrift i prosjektet

Samrøystes.

03.06.2026 Formannskapet

Voting nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 056/26 Vedtak:

1. Kommunestyret tek prosjektplanen til vitande
2. Tertialrapportane skal nyttast til å orientera kommunestyret om framdrift i prosjektet

Samrøystes.

057/26: Revisjon avfallsplan Vik cruisehamn

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret tek planen til vitande og ber Kommunedirektøren sende revidert avfallsplan for Vik hamn til Statsforvaltaren for godkjenning.



03.06.2026 Formannskapet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 057/26 Vedtak:

Kommunestyret tek planen til vitande og ber Kommunedirektøren sende revidert avfallsplan for Vik hamn til Statsforvaltaren for godkjenning.

Samrøystes.

058/26: Høyring - forslag til forskrift om cruiseavgift

Kommunedirektøren si tilråding

Vik kommune viser til høyring av forslag til forskrift om kommunal cruiseavgift, heimla i besøksbidragslova.

Vik kommune vurderer at det per i dag ikkje er behov for å innføre ei cruiseavgift regulert av lokal forskrift. Kommunen eig eigen cruisekai og har allereie etablerte ordningar med passasjervederlag, som kan justerast i tråd med lokale behov. Dette gir kommunen tilstrekkeleg handlingsrom til å sikre inntekter og finansiere aktuelle tiltak, samstundes som administrativ kompleksitet og statlege bindingar blir avgrensa.

Dersom forskrifta blir vedteken, er det viktig for Vik kommune at det blir lagt til rette for størst mogleg lokal fleksibilitet. Kommunen må sjølv kunne avgjere om det er aktuelt å innføre cruiseavgift, og eventuelt fastsetje nivået på avgifta ut frå lokale forhold og vurderingar. Dette er ein føresetnad for å kunne tilpasse verkemiddelbruken til det faktiske behovet i den enkelte kommune.

03.06.2026 Formannskapet

Rådgjevar Ole Petter Ramberg deltok i møtet.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)



FS - 058/26 Vedtak:

Vik kommune viser til høyring av forslag til forskrift om kommunal cruiseavgift, heimla i besøksbidragslova.

Vik kommune vurderer at det per i dag ikkje er behov for å innføre ei cruiseavgift regulert av lokal forskrift. Kommunen eig eigen cruisekai og har allereie etablerte ordningar med passasjervederlag, som kan justerast i tråd med lokale behov. Dette gir kommunen tilstrekkeleg handlingsrom til å sikre inntekter og finansiere aktuelle tiltak, samstundes som administrativ kompleksitet og statlege bindingar blir avgrensa.

Dersom forskrifta blir vedteken, er det viktig for Vik kommune at det blir lagt til rette for størst mogleg lokal fleksibilitet. Kommunen må sjølv kunne avgjere om det er aktuelt å innføre cruiseavgift, og eventuelt fastsetje nivået på avgifta ut frå lokale forhold og vurderingar. Dette er ein føresetnad for å kunne tilpasse verkemiddelbruken til det faktiske behovet i den enkelte kommune.

Samrøystes.

059/26: Reglement for politisk organisering i Vik kommune**Kommunedirektøren si tilråding**

Kommunestyret vedtek nytt framlegg til reglement for politisk organisering i Vik kommune. Reglementet erstattar tidlegare reglement vedteke 05.11.2020.

03.06.2026 Formannskapet**Votering nr 1 -** Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 059/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek nytt framlegg til reglement for politisk organisering i Vik kommune. Reglementet erstattar tidlegare reglement vedteke 05.11.2020.

Samrøystes.

060/26: Fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2025

Kontrollutvalet si tilråding

Kommunestyret tek fråsegna frå kontrollutvalet om årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding for 2025 til orientering.

03.06.2026 Formannskapet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 060/26 Vedtak:

Kommunestyret tek fråsegna frå kontrollutvalet om årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding for 2025 til orientering.

Samrøystes.

061/26: Lokal forskrift om opning av jakt, minsteareal og fellingsavgifter - hjort i Vik kommune.

Kommunedirektøren si tilråding

Vik formannskap vedtek ny lokal forskrift som opnar for jakt på hjort, fastslår minsteareal til 600 daa og at fellingsavgiftene for hjort i Vik kommune vert auka til kr. 350,- for vaksne og kr. 200,- for kalv, jf vedlegg.

Gjeldande lokal forskrift frå 2008 skal opphevast når ny forskrift trer i kraft.

03.06.2026 Formannskapet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 061/26 Vedtak:

Vik formannskap vedtek ny lokal forskrift som opnar for jakt på hjort, fastslår minsteareal til 600 daa og at fellingsavgiftene for hjort i Vik kommune vert auka til kr. 350,- for vaksne og kr. 200,- for kalv, jf vedlegg.

Gjeldande lokal forskrift frå 2008 skal opphevast når ny forskrift trer i kraft.



Samrøystes.

062/26: Revidering av delegerings- og innstillingsreglement 2024-2027 - innarbeiding av manglande lovheimlar

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret vedtek følgjande endringar i politisk delegerings- og innstillingsreglementet:

1. Vegtrafikklova § 8 med tilhøyrande forskrift om parkeringsløyve for rørslehemma
2. Bustadsosiallova
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre naudsynte redaksjonelle endringar i reglementet.

03.06.2026 Formannskapet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 062/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek følgjande endringar i politisk delegerings- og innstillingsreglementet:

1. Vegtrafikklova § 8 med tilhøyrande forskrift om parkeringsløyve for rørslehemma
2. Bustadsosiallova
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre naudsynte redaksjonelle endringar i reglementet.

Samrøystes.

063/26: Open post i formannskapet

Kommunedirektøren si tilråding

Saka blir lagt fram utan tilråding.

03.06.2026 Formannskapet



FS - 063/26 Vedtak:

Det var ingen saker i open post.

064/26: Høyring - forslag til endringar i konsesjonslova, ma knytt til buplikt**Kommunedirektøren si tilråding**

Vik formannskap støttar forslaget til ny § 17 a fyrste og andre ledd i konsesjonslova som gir kommune, statsforvaltar og landbruksdirektoratet tilgang til opplysningar i folkeregisteret og at det kan lagast reglar om samarbeid mellom instansane.

Vik formannskap støttar forslaget om å oppheve § 9 a andre ledd som seier at seljar kan krevja bindande førehandsuttale på høgste akseptable pris på landbrukseigedom, dvs. alternativ 2.

Vik formannskap støttar forslaga om at mynde til å handsame søknadar om konsesjon frå stiftingar vert overført til frå kommunane til statsforvaltar, og at søknadar skal sendast kommune i staden for til ordførar.

03.06.2026 Formannskapet**Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 064/26 Vedtak:

Vik formannskap støttar forslaget til ny § 17 a fyrste og andre ledd i konsesjonslova som gir kommune, statsforvaltar og landbruksdirektoratet tilgang til opplysningar i folkeregisteret og at det kan lagast reglar om samarbeid mellom instansane.

Vik formannskap støttar forslaget om å oppheve § 9 a andre ledd som seier at seljar kan krevja bindande førehandsuttale på høgste akseptable pris på landbrukseigedom, dvs. alternativ 2.

Vik formannskap støttar forslaga om at mynde til å handsame søknadar om konsesjon frå



stiftingar vert overført til frå kommunane til statsforvaltar, og at søknadar skal sendast kommune i staden for til ordførar.

Samrøystes.

